

Snørydding etter uver, riksveg 13
Vikafjellet, mars 2022.

Foto: Stokkebø Maskin



Fjordvegen Rute 13

- Nasjonal transportplan - reiskap for kva?

*Ny kunnskap og fagleg fokus på rassikring og standardheving
- men kva blir politisk prioritert?*

ÅRSKONFERANSEN MÅNDAG 17. APRIL 2023 – QUALITY SOGNDAL HOTEL

2023 er eit hektisk år i Nasjonal Transportplan-prosessen med fleire leveransar frå etatane og viktige høyringar. Verdsituasjonen er ustabil og klimaet i endring. Budsjetta for investeringar i veg er krympa.

Fleire innlegg vil belysa om det vil løna seg å førebyggja gjennom rassikring og betra vegstandard framfor å venta på dei uønskte hendingane. For riksveg 13 gjeld framleis store utfordringar rundt manglande rassikring for omlag 30 skredpunkt og strekk med låg standard.

Samfunnsikkerheit får auka aktualitet i ny NTP, og ny forskning er komen om m.a. konsekvensen av klimaendringar og opplevd fare.

Kan betra kunnskapsgrunnlag endra prioritet i NTP 2025-2036? Eller blir det fortsatt kamp mellom store prosjekt og trygge vegar?

Vil signala om reduserte samferdselsbudsjett og gjelda utbetring av våre livsviktige kvardagsvegar?

Til ny NTP-prosess arbeider Statens vegvesen no ut ein nasjonal Gjennomføringsplan for skredsikring. Kva betyr dette og kva planar blir ferdige til 2024?

Vår mediapartner:



FJORDVEGEN.NO

Program på neste side.

ÅRSKONFERANSEN: Konferansier Anne Mette Hjelle

9.30–10.30	Registrering for Årskonferansen og Årsmøtet. Mat, kaffi og drøs	
Møtestart 10.30	Velkomst frå styret i Fjordvegen Rute 13	Gerd Helen Bø (Sp), <i>styreleiar</i>
	Kva betyr mangel på trygge, opne vegar og over 30 usikra raspunkt langs riksveg 13 for næringsliv og lokalsamfunn? Kva kan ny forskning gje som grunnlag til dei samfunnsøkonomiske analysane som er basis til NTP? Fagetatane har levert prioriteringsoppdraget 31.3. Blir ny kunnskap tatt i bruk? Kva føreslår Statens vegvesen og Nye veier å prioritera til ny NTP? Samfunnssikkerheit og klimatilpasning er etterspurd - korleis løyser ein dette for riksveg 13?	
10.35–10.50	Velkomen til Sogndal. Lokalsamfunnsutvikling og infrastruktur – korleis heng dette saman? Næringsliv, logistikk og veg sett frå Sogndal	Arnstein Menes (Sp), <i>ordførar Sogndal kommune</i> Line Bjelde, <i>dagleg leiar Sogn Næring</i>
10.50–11.05	Samfunnsøkonomisk lønsemd og klimarisiko: Kva ligg i reknestykket og kva er ikkje rekna inn?	Tonje Glenne Arnesen, <i>senioranalytiker, Menon Economics AS</i>
11.05–11.20	Vurdering og risikohandtering av naturhendingar mot veg. Resultat frå Klimaveg-prosjektet og anna forskning	Unni Eidsvig, <i>seniorrådgjevar, NGI (Norges Geotekniske Institutt)</i>
11.20–11.35	Slik kjempar NAF for betre vegar	Tor Arne Litlere, <i>president i NAF</i>
11.35–11.55	Beinstrekk og kaffimat. Lokale smaksprøvar	
11.55–12.15	Status for SVV sitt arbeid med rv. 13. Ny NTP; grunnlag og framdrift. Nasjonal gjennomføringsplan for skredsikring	Ellen Johnsen Haaberg, <i>ruteansvarleg, Statens Vegvesen</i>
12.15–12.30	Status for rv 13-prosjekta. Ny NTP, nytt kunnskapsgrunnlag og prioriteringane levert 31.3.	Asbjørn Heieraas, <i>plandirektør, Nye veier AS</i>
12.30–13.20	Lunsj, riksveg 13-drøs og kulturelt påfyll frå Sogn Nasjonale politiske blikk på prioriteringar til ny NTP – vil partia prioritera utbetring av distriktsvegar som riksveg 13 i denne NTP-prosessen? Kva med skredfaktormodellen og den Nasjonale gjennomføringsplanen for skredsikring? Tidlege tiltak mot klimafaren framfor seine og dyrare tiltak på veg: Kven tek kostnaden og risikoen med å venta?	
13.20–13.40	Om ny NTP og statsbudsjettet for 2023	Tom Kalsås (Ap), <i>Statssekretær i Samferdselsdepartementet</i>
13.40–14.10	Utfordringar til nasjonale politikarar - Innlegg til debatt Kva legg partia vekt på i sine prioriteringar til ny NTP? Ny kunnskap – skal han brukast? Store nye vegprosjekt eller utbetringar og rassikring av eksisterande vegar som riksveg 13?	Ingrid Fiskaa (SV), Olve Grotle (H), Helge-Andre Njåstad (FrP), Alfred Bjørlo (V), Sofie Marhaug (Rødt), Nils T. Bjørke (Sp), <i>Stortingsrepresentantar.</i>
14.10–14.25	Beinstrekk, korridorpolitikk og småmat	
14.25–14.50	Debatt: Stortingsrepresentantar, statssekretær og sal	Debattleiar Anne Mette Hjelle
14.50–15.00	Nasjonal Rassikringsgruppe sine innspel til ny NTP. Kommenterar til debatten	Jenny Følling (Sp), <i>leiar i Nasjonal Rassikringsgruppe</i>
15.00–15.15	Kva vil Vestland og Rogaland prioritera for NTP? Kan fylka våre stå saman for riksveg 13? Innlegg, samtale og politiske kommenterar til innlegga og debatten før. Oppsummering	Fylkespolitikarane Jannicke Bergesen Clarke (Ap), <i>Vestland fylke</i> og Jarle Bø (Sp), <i>Rogaland fylke</i>
15.15–15.20	Avslutning og vegen vidare	Gerd Helen Bø, <i>styreleiar</i>
Slutt	Kort pause. Salen blir endra	
15.30–17.00	ÅRSMØTE FOR FJORDVEGEN RUTE 13	For medlemmer. I same sal.

Kontakt for programmet: Fjordvegen Rute 13 v/Hanne Sundbø - Tlf. 982 19 973 - hanne@hagalid.net

Påmelding og informasjon:

FJORDVEGEN.NO